



Møteprotokoll

Utval: Utvalet for næring og miljø
Møtestad: Møterom Steinkorsen– Rådhuset
Dato: 20.05.2026
Tid: Kl. 12:00 - 14:30

Følgande medlemmer møtte:

Ove Farsund
Roger Gjelseng Olsen
Britt Kyrkjebø Aarbergstøtten
Mathias Råheim
Ingrid Røkke Døskeland
Erlend Brede Fossen
Magnhild Runde
Bjarte Buttedal

Parti:

Ap
FrP
H
H
MDG
Sp
V
VIP

Forfall:

Geir Leon Hetle
Nina Elise Hjartholm
Eldrid Skudal

Parti:

Ap
Sp
SV

Møtande varamedlem:

Berit Johansen Hornnes
Oddne Skrede
Liv Jorunn Seljevoll

Parti

Ap
Sp
SV

Andre:

Joar Helgheim
Karsten Karlsen Sunde
Leif Halvor Kårstad
Odd Harry Strømsli
Svanhild Røkenes
Trond Ueland

einingsleiar
advokatfullmektig
einingsleiar
einingsleiar
sakshandsamar
kommunalsjef teknisk og miljø

Møteleiar: Ove Farsund

Permisjonar:

- Bjarte Buttedal i sak 040/26

Godkjenning av protokollen:

Ove Farsund leiar

Magnhild Runde

Mathias Råheim

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
037/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
038/26	Klagesak - Klage på avslag på krav om retting av matrikkel for bustad på gbnr. 359/54
039/26	Handtering av kommunalt næringsavfall og slam – Utvida eigenregi eller konkurranseutsetting
040/26	Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort
041/26	Referatsaker
042/26	Orienteringar, spørsmål og oppfølging

037/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Magnhild Runde og Mathias Råheim

Einstemmig vedtak

UNM- 037/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Magnhild Runde og Mathias Råheim

038/26: Klagesak - Klage på avslag på krav om retting av matrikkel for bustad på gbnr. 359/54

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klage på avslag på krav om retting av matrikkel for bustad på gbnr. 359/54, vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:

Kort orientering ved einingsleiar Odd- Harry Strømsli

Protokollføring: administrasjonen følger opp Sunnfjord miljøverk i høve gebyrreglementet.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 038/26 Vedtak:

Klage på avslag på krav om retting av matrikkel for bustad på gbnr. 359/54, vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

039/26: Handtering av kommunalt næringsavfall og slam – Utvida eigenregi eller konkurranseutsetting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Sunnfjord kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1.

Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

2. Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Sunnfjord kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.
3. Sunnfjord kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:

Kort orientering ved kommuneadvokat Karsten Karlsen Sunde

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM- 039/26 Vedtak:

1. Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Sunnfjord kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.
2. Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Sunnfjord kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.
3. Sunnfjord kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

040/26: Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune inngår med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Gloppen kommune i samsvar med vedlagt framlegg til **"Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde"**, datert 08.05.2026.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:

Kort orientering ved einingsleiar Joar Helgheim

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM- 040/26 Vedtak:

Sunnfjord kommune inngår med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Gloppen kommune i samsvar med vedlagt framlegg til **“Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde”**, datert 08.05.2026.

041/26: Referatsaker**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:**Einstemmig vedtak****UNM- 041/26 Vedtak:**

Referatsakene blir tekne til vitende.

042/26: Orienteringar, spørsmål og oppfølging**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringane blir teke til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 20.05.2026:

Kommunalsjefane orienterte om følgende saker:

- Tiltaksplan 2026 – Temaplan landbruk 2025–2035 v/Joar Helgheim, leiar landbruk og miljø
- Kommunebarometer 2026
 - Rapporten er lagt ved som referatsak.
- Spørsmål frå Britt Aarbergsbotten utsett i førre møte om sakskostnader og beredskap
 - Eg har også eit spørsmål om kommunen sin beredskap. Med dette meiner eg korleis ein tenker den praktiske beredskapen på dei ulike geografiske tettstadane i kommunen. Både personell og utstyr, -dagtid, natt, helg og feriar. Brann, ras, flaum, ulykker, bortfall av vatn og straum mm. Korleis blir beredskapen på dei ulike områda vurdert/ tatt hensyn til i trange økonomiske tider? saka vert utsett og svara ut i neste møte
 - Byggesak 2005/6002 var til klagebehandling i utvalget. I etterkant av møtet ser eg det er utbetalt 33 000kr til advokat som representerte klagar. Lurer på kva som er regelverket ang kva kommunen må dekke av kostnader ved klagesaker. Svara ut av einingsleiar Odd Harry Strømsli, svaret vert lagt som vedlegg i saka.
- Spørsmål frå Erlend Brede Fossen om bruk av brannhydranter, svara ut av einingsleiar Leif Halvor Kårstad.

Utvalet gjekk gjennom oppfølgingslista, og gjorde følgende suppleringar:

- Spørsmål frå Britt Aarbergsbotten utsett i førre møte om sakskostnader og beredskap – vert utsett

- Eg har også eit spørsmål om kommunen sin beredskap. Med dette meiner eg korleis ein tenker den praktiske beredskapen på dei ulike geografiske tettstadane i kommunen. Både personell og utstyr, -dagtid, natt, helg og feriar. Brann, ras, flaum, ulykker, bortfall av vatn og straum mm. Korleis blir beredskapen på dei ulike områda vurdert/ tatt hensyn til i trange økonomiske tider?

Einstemmig vedtak

UNM- 042/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.